

<h2>Læringssyn</h2> <p><i>Dette skal prege undervisninga ved Grinde skule</i></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Trivsel, tryggleik og respekt</li> <li>• Engasjement, nysgjerrigheit, kunnskap og meistring</li> <li>• Klare og tydelege krav</li> <li>• Tilpassing og tilrettelegging</li> </ul>	Meistring
<h2>Elevsyn</h2> <p><i>Slik ser vi på elevane våre</i></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Alle er verdifulle og unike</li> <li>• Alle treng å bli sett og høyrte</li> <li>• Alle har ansvar for eigne handlingar</li> <li>• Alle treng å føle meistring</li> </ul>	Respekt
<h2>Kollegasamarbeid</h2> <p><i>Som tilsett ved Grinde skule støtter eg dette</i></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vi har respekt for alle i kollegiet</li> <li>• Vi gjer kvarandre gode</li> <li>• Vi har ein god delingskultur</li> </ul>	Respekt
<h2>Foreldresamarbeid</h2> <p>Slik skal føresette bli møtt ved Grinde skule</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vi er positive og konstruktive i vårt møte med føresette</li> <li>• Vi har eit ope og godt samarbeid med eleven i fokus</li> <li>• Vi gir klare og tydelege tilbakemeldingar</li> </ul>	Positivt samarbeid



**S: Sosial kompetanse:** Elevane skal utvikle seg til sjølvstendige individ som vurderer konsekvensane og tar ansvar for eigne handlingar. Opplæringa skal bidra til sosial tilknytning og meistring av ulike roller i samfunnet.

**K: Kunnskap:** Grunnleggjande dugleiker i bruk av språket, i rekning og talforståing og bruk av digitale hjelpemiddel er nødvendig for å møte utfordringar i samfunnet. Dette kjem ikkje av seg sjølv, men er eit resultat av innsats og læring. Elevane har ulikt utgangspunkt, brukar ulike læringsstrategiar og har ulik progresjon for å nå måla i læreplanen.

**O: Om meg sjølv:** Det elevane lærer om seg sjølv er noko av det mest viktige eit barn lærer seg i skulen. Vi ønskjer at våre elevar skal gå ut av Grinde skule med eit positivt og realistisk bilete av seg sjølv.

